

Målaravlesing og fakturering av hyttekundar

Våre hyttekundar blir fakturert kvartalsvis med 4 akontobeløp i året. Storleiken på desse akontobeløpa er basert på forventa årsforbruk på abonnementet og gjeldande prisar. Etter nyttår blir det sendt ut avrekning for året som er gått der dei innbetalte akontobeløpa er trekt frå.

Forventa årsforbruk blir oppdatert kvar gong kunden melder inn målarstand. For å få ei mest mogeleg korrekt fakturering er vi avhengig av korrekt målaravlesing. Dess fleire avlesingar vi har gjennom året, dess meir korrekt blir både dei fakturerte akontobeløpa og årsavrekninga.

Enklaste måten å melda inn målarstand er via SMS (sjå "oppskrifta" nedanfor). Dersom du registrerer deg med målaravlesing på SMS vil du i 2010 få kvartalsvis påminning om å lesa av målaren. Men du kan melda inn avlesing kva tid som helst når det passar for deg.

Meld inn målaravlesing når du er på hytta, når som helst!

La det bli ein fast rutine at når du besøker hytta, så les du av målaren og sender oss ein SMS med målarstanden. La FJEL *målarstand* bli ein fast SMS- helsing til oss i Fjelberg Kraftlag når du er på hytta!

Då seier vi på førehand takk og ynskjer deg og dine fine feriedagar på hytta!

Bruk enklaste måte å lesa av målaren og få gratis påminning når du skal gjera det!



Tekstmelding (SMS):

Første gang du tar i bruk denne tenesta må du registrera deg.

Send: FJEL REG *kundenr. målarnr.* til 2258. Du vil då får kvitteringsmelding på at du er registrert.

Når du skal melda inn målaravlesing skriv du: FJEL *målarstand* og sender meldinga til 2258.

Fordelen med denne løysinga er at du kan stå ved målaren og tasta inn tala direkte. Du får kvittering og forbruk tilbake straks.

Enklare kan det ikkje gjerast!